



Notat

Til: Fylkesutvalet sitt møte 07.10.19.

Frå: Fylkesrådmannen

Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal – status for styret i stiftinga

Fylkesrådmannen viser til drøftinga i fylkesutvalet 02.10.19 om bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus.

Fylkeskommunen mottok medio september brev frå styreleiaren i stiftinga om at han trekker seg frå styret med omgåande verknad. Fylkeskommunen har også motteke brev frå ein av dei andre styremedlemene om at han har vore styremedlem i stiftinga i to valperiodar, og at han ikkje ønskjer attval til vervet.

I svarbrev til stiftinga dagsett 23.09.19 synte fylkesrådmannen til at det ikkje vart vald nye styremedlemar til dei tre bustadstiftingane i 2015 på grunn av den pågåande saka om overføring av valretten til andre enn fylkeskommunen. Dei noverande styremedlemene har såleis site i vervet i minst to fireårsperiodar.

Vidare informerte eg om at sidan vedtektene ikkje er endra og valretten som følgje av det ikkje er overført til andre, overtek Vestland fylkeskommune om kort tid ansvaret for å velje styremedlemar til bustadstiftingane. Eg opplyste at eg reknar med at Vestland fylkesting vel nye styremedlemar til bustadstiftingsstyra innan dette året er omme.

Når det gjeld styreleiar sin fråtrede, har eg informert stiftinga om at eg føreset at styreleiar sin personlege varamedlem trer inn i vervet som styremedlem fram til nyvalet, og at styret vert samde om kven som skal ta på seg styreleiarvervet for resten av perioden.

Fylkesrådmannen sitt svarbrev til stiftinga er utarbeidd med utgangspunkt i aktuelle reglar i lov om stiftingar og vedtektene i stiftinga.

Her følgjer ei kort utgreiing om relevante reglar:

Om styre og styreval i vedtektene

Gjeldande vedtekter § 4 inneheld reglar for styre og styreval. Her står det at styret vert valt av fylkesutvalet. Styret skal ha tre medlemar med personlege varamedlemar. Den eine medlemen skal ikkje ha tilknytning til fylkeskommunen. Valet skal følgje den fylkeskommunale valbolken.

Om styre og styreval i lov om stiftingar

Stiftingslova inneheld reglar om styre og styreval i §§ 26-33, som utfyller reglane i vedtektene.

Lova fastset at styremedlemar tenestegjer i fire år, om ikkje anna er fastsett i vedtektene. Ein styremedlem skal bli sitjande inntil ein ny medlem er valt, sjølv om tenestetida er gått ut, jf. stiftl. § 28.

Dersom det føreligg ein særleg grunn for det, har ein styremedlem rett til å tre ut før tenestetida er ute. Styret og den som har valt medlemen, skal ha rimeleg førehandsvarsel om dette, jf. § 28 andre ledd.

Dersom vervet for ein styremedlem opphøyrer før tida, og det ikkje finst varamedlem, skal dei andre styremedlemane syte for at det vert vald ein ny styremedlem for resten av medlemen si tenestetid, jf. § 28. Valet skal skje etter dei reglane som elles gjeld for val av styremedlemar.

Etter lova er det styret som vel styreleiar, om ikkje anna er bestemt i vedtektene, jf. stiftl. § 26.

Dette til fylkesutvalet si orientering.